


# Rapport frå Dialogkonferanse idrett og friluftsliv 2015 – København



# Onsdag 2. september

- KI 0845 Frammøte Flesland
- KI 0955 Avgang København
- KI 1115 Landar i København
- KI 1230 Lunsj Cafè 8 tallet
- KI 1345 Synfaring Plug n Play
- KI 1430 Amager Strandpark/Vest-Amager
- KI 1700 Game/Street Mekka
- KI 1800 Innsjekk First Hotel Mayfair
- KI 2000 Middag Peder Oxe

# Plug n' play [www.plugnplay.dk](http://www.plugnplay.dk)

v/ Katrine Hedegaard Nielsen, koordinator Plug n Play – By & Havn Bylivsavdelingen

PLUG N PLAY er eit uformelt utandørs idrettsanlegg i Ørestad i København.

PLUG N PLAY er utvikla med By & Havn i fellesskap med lokale innbyggjarar og idrettsutøvarar i Ørestad og resten av København. Det er mange nye idrettsgreiner representert, som t.d. speedskating på rulleskøyter, parkour og dirt jump - ein version av mountainbikesporten. Vidare er det plass til fem-manns fotball, streetbasket og beachvolley.

Område vart konstruert i 2009 som eit mellombels anlegg som skulle vere med å skape ein profil og ei interesse for bydelen. Det er mange ulike aktivitetsflater, også for nisjeidrettar der ein kan prøve ut korleis dei ulike anlegga fungerer. Brukarane kjem gjerne langvegs frå – ikkje berre København. Alle dei ulike aktivitetane på same stad skapar synergieffektar og fellesskap mellom mange ulike menneske. Anlegget er unikt – det einaste i Danmark. Storleiken på område er 25.000 kvadratmeter. Prislappen for anlegget då det vart bygd: 15 millionar danske kroner.

Vedlikehold av anlegget er i samarbeid mellom ulike velforeiningar. Og for å skape eigarskap/identitet har ein fått representantar frå flest mogleg av aktivitetane med på planlegginga. Innimellom aktivitetsflatene står containrar til oppbevaring av utstyr. Det er laga/klubbane som nyttar desse. Fordeling av treningstid vert administrert gjennom ein kalender der ein kan reservere tid – anlegget er ope alle dagar, heile døgnet.

Det føreligg planar for område som inneber at Plug n play i si noverande form skal fjernast, men det er ønskjeleg å flytte/re-etablere plug n play på eit mindre område og evt litt fordelt «her og der». På område der anlegget ligg i dag skal det byggast bustadar.



# Naturcenter Amager

Naturcenter Amager ligg som ein oase rett sør for den nye bydelen Ørestad. Det er enkelt å komme seg dit på sykkel eller med Metro. Natursenteret er eig av Naturstyrelsen og kommunane har naturskule på staden. Der er mange aktørar på natursenteret: Naturstyrelsen, Tårnby Kommune, Københavns Kommune, Traktørstedet Vestamager og Projektet Amager Skovhjælper.



Det er fleire kommunar som soknar til dette område – og 4500 skuleborn. Det er mange ulike prosjekt som drives på område -- med ulike målgrupper. T.d. er det personar med nedsett funksjonsevne som jobbar der. Opprinneleg var det eit lukka militærområde. Så vart det delt: 1/3 til byutvikling og finansiering av Metro, og 2/3 til Naturstyrelsen og naturskulen. Område er drifta av Miljøministeriet/Naturstyrelsen.

**Dansk friluftspolitikk.** Danmark fekk i 2015 sin første nasjonale friluftspolitikk. *Friluftslivet styrker folkehelse og livskvalitet, skapar meir fellesskap, gjer oss klokare på naturen og kan fungere som sosial løftestang.*  
<http://naturstyrelsen.dk/naturoplevelser/friluftspolitikk/>

### 8 friluftspolitiske pejlemærker

- **Friluftsliv er for alle**  
Alle både på landet og i byen skal have friluftslivet tæt på
- **Vi skal lære i naturen**  
Både børn og voksne skal have naturen ind under huden
- **Friluftsliv skaber engagement og fællesskab**  
Friluftslivet er med til at skabe aktive borgere, der engagerer sig og tager ansvar
- **Friluftsliv giver sundhed og livskvalitet**  
Et aktivt friluftsliv styrker både den mentale og den fysiske folkesundhed
- **Friluftsliv skaber vækst og arbejdspladser**  
Naturoplevelser og friluftsliv kan være afsæt for iværksætteri og nye arbejdspladser
- **Vores byer skal indbyde til friluftsliv**  
Vi skal skabe spændende og attraktive byer, hvor der er plads til friluftsliv
- **Vi skal bruge naturen som social løftestang**  
Friluftslivet og naturen kan hjælpe socialt udsatte grupper i samfundet
- **Nytænkning giver mere friluftsliv**  
Fremtidens friluftsliv skal tænkes ind i nye sammenhænge.

DANMARKS FØRSTE NASJONALE FRILUFTSPOLITIK - Ønsker fra gæstens parlament

SIDE 6



I planprosessen såg dei både til Norge og Sverige, men fann at definisjonen av norsk friluftsliv var noko «hardcore». Dei har heller ingen allemannsrett, så det vart vektlagt metodar for å sikre rett til naturen.

I prosessen vart det gjennomført ein omfattande brukarmedverknad. 25.000 innbyggjarar sendte innspel. Åtte ulike departement jobba tett saman, så forankringa er god. Det er særleg friluftsliv i byane som er prioritert. Friluftsliv er god samfunnsøkonomi. Det skapar arbeidsplassar, turisme og økonomisk vinst. Det oppstår heile tida nye formar for friluftsliv.

**Naturskulen.** På natursenteret kan det vere opptil 2000 gjestar i helgene. Område er bynært - ein kan sjå klokka på rådhuset med kikkert. Aktivitetane er mange, m.a. kiting, rulleski, rulleskøyter og sykkel. Parken har asfalterte stiar på kryss og tvers, og ein kan t.d. låne sykklar for å komme seg rundt. I tillegg er det mykje anna utstyr ein kan låne/kjøpe til sine utflukter: fiskestenger, ved til bål osv. Det er skoghjelparar og studentar som syter for at utstyret er i orden til ei kvar tid.

Det er problem med parkeringskapasiteten, men i hovudsak reiser Naturskolen ut til skulane med sine skreddarsydde opplegg (evt reiskap til eigen aktivitet).

# Naturskular

Der er 100 naturskular i Danmark (første i 1975) – og 20 i Norge (første i 1995). På natursenteret er det også «naturdagmammaer» - ein kan aldri starte for tidleg. Det er eit godt samarbeid med barneskular og barnehagar. Skulereforma i Danmark opnar for andre undervisarar enn eigne lærarar, t.d. ingeniørar, sjukepleiarar m.fl. Det er eit godt samarbeid mellom lærarar og pedagogar. Tilbod til grupper med særlege behov er også ein del av tilbodet. T.d. er naturen ein god stad for språkopplæring i integreringsprosessar og for barn/ungdom som ikkje trivast i skulen og/eller som droppar ut. Dei ser også at ikkje-etniske danske brukar område til piknikkar og lågterksel friluftsliv. «Litt som vi gjorde på 70-tallet», sa Jacob Jensen.

Fysisk aktivitet er eit viktig aspekt, og det er tilrettelagt for mange ulike aktivitetar for dei som nyttar område. På Friluftshuset kan dei bistå med utleie/kjøp av diverse utstyr som t.d. sykkelleige, fiskeutstyr, ved osv. Huset er ope kvardagar, helger og feriar med tilsette som kan informere og som vedlikeheld utstyret. På området er også ein eigen restaurant, Traktørstedet,





# Game/ Street Mekka

«lage noe fedt sammen»  
Camilla frå Game viste oss rundt i anlegget.

GAME er ein non-profit organisasjon, som jobbar med gateidrett og gatekultur. Dei utdannar unge instruktørar i street basket, street soccer, dans og parkour i boligområder over heile Danmark samt i eit gateidrettshus i København. **GAME København** er eit asfaltert gateidrettshus på Enghavevej i København. I huset kan du både trene på eiga hand eller delta på opne timar. Du treng ikkje melde deg på – om du er medlem av GAME, er det berre å møte opp. Mange skular nyttar anlegget i skuletida, og det kan vere alt mellom 20-300 brukarar av anlegget kvar dag.

Medlemsskap kostar kr 50,-. I tillegg kjem ei lita avgift for kvar aktivitet. Betalar du for ein dag, kan du vere der heile dagen og vere med på alle aktivitetane. Har du pengar på kortet kan du «låse» deg inn døgnet rundt.  
Innhald i anlegget;

*Stor hall: basket/større arrangement*

*2. etg – avslappingsområde og møterom*

*Liten hall: parkour, mange brukarar mellom 6-12 år*

*Dansehall, Friday jam og timar med instruktør.*

*Mulighet for kursing som DJ, lage musikk og produsere musikk*

Hovudkontoret jobbar mykje med å skaffe sponsorinntekter.



GAME Esbjerg opnar i november.

# Torsdag 3. september

- KI 0830 Avgang til konferanse
- KI 0900 Idrettens analyseinstitutt
- KI 0945 København kommune – planarbeid for skolesatsing + integrering
- KI 1030 Pause
- KI 1045 Skole+
- KI 1130 Lokale og anlægsfonden – hvordan
- KI 1215 Nytt frå KUD
- KI 1300 Lunsj
- KI 1400 Tagensbo skole
- KI 1500 Gyngemosehallen
- KI 2000 Middag Paafuglen Tivoli

Møtestad: Det Kongelige Bibliotek, Slotsholmen



## Sidan sist! v/ Britt Karen Spjeld, fylkesidrettssjef

Kort attendeblick på dialogkonferanse idrett og friluftsliv i Kvinnherad 2014. Takk til Linda Øen for tilrettelegging av lærerike og inspirerende synfaringar.

PREMISS: KULTUR – Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 vart vedteken i fylkestinget i desember 2014. Handlingsprogrammet vart vedteken i mars 2015. Omgrepet *kultur* inkluderer heile spekteret i kulturlivet.

Innsatsområda fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv og anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv har 9 mål – 24 tiltak (19 prioriterte i perioden 2015-18). Døme på tiltak; aktiv skulekvardag, sykkel VM kvar dag, vidareutvikle tilbod for grupper som treng særleg tilrettelegging, kartlegging og verdisetting av friluftsområder, turskiltprosjekt, planarbeid i kommunane, anleggsutvikling og kompetanseutvikling. Som ein konsekvens av kulturplanen foreslår rådmannen å samordne ulike fylkeskommunale tilskotsordningar til ei ny ordning frå 2016 - Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom.



Nå er det  
din tur!

Friluftslivets år 2015 har skapt mykje og variert aktivitet i Hordaland. Det har m.a. vore ein fotokonkurransse og kåring av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde. 22. oktober skal det vere eit vestlandsk toppmøte om sikring av friluftsområder i Os kommune. I haust er det ein kampanje knytt til allemannsretten med tiltak mot ulike målgrupper – «test deg sjølv», tverrfagleg opplegg for 1.-10. klasse og «Naturvakt» for barnehage. Bergen og Hordaland Turlag er 125 år – 14 lokal lag og mange jubileumsturar i heile Hordaland.

16 kommunar har fått kr 60.000 til kartlegging og verdsetting av friluftsområder. I tillegg kan det søkast om kr 30.000 til å digitalisere av data. Bergen og Ømland friluftsråd har tilsett ein prosjektleiar. Det er høve for nye kommunar å søke om midlar til dette arbeidet i 2016. Det vert eit krav om slik kartlegging for å kunne søke om statleg medverknad til sikring av friluftsområder frå 2018.

2015 vart det opna for å gje tilskot til turkort i turskiltprosjektet. Kommunane Bergen, Fjell, Austrheim, Lindås, Meland, Bømlo, Fusa, Kvam, Radøy og Voss er igang med dette. Hordaland driv eit nasjonalt utviklingsarbeid knytt til gardering av padleløyper i Fjell, Sund, Øygarden og Kvinnherad. Målet er å få denne malen inn i merkehandboka.

For å lukkast med å skape ein aktiv kvardag er det avgjerande å sjå ulike tiltak i samanheng.

Når det gjeld anleggsutvikling set fylkeskommunen fokus på  
å redusere restansar på spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet  
oppdatering av idrettsanlegg.no  
gyldige kommunedelplanar

I løpet av hausten skal Kulturdepartementet på synfaring av anlegg i Hordaland. Ulike kommunar vert involvert i høve til programutforming.

22. september i Bergen er det dagskonferanse om integrering gjennom idrett og friluftsliv. Tema er m.a. allemannsretten og utfordringane med integrering av jenter i idrett og friluftsliv. Ei brosjyre som presenterer tilbodet til dei ulike aktørane i prosjektet vert utarbeidd; Kommunane Bergen, Fjell, Askøy og Samnanger og BOF, turlaget, idrettskretsen og fylkeskommunen.

Sykkel VM er eit av verdens aller største idrettsarrangement. Vert arrangert i Bergen, Askøy, Øygarden og Fjell 16. - 24. september 2017. 12 konkurransar med 1.150 utøvarar frå meir enn 80 nasjonar. Det er behov for rundt 1.500 frivillige. Bergen 2017 har eit prosjekt «Alle barn sykler» der målet er å gje tilstrekkeleg opplæring og skape trygghet og for barn på sykkel. Opplegget er retta mot 5. klasse og er ein kombinasjon av trafikkopplæring, sykkelteknikk, sykkelkontroll og teori. Pilotprosjekt i Hordaland med oppstart haust 2015 i Bergen, Øygarden, Fjell og Askøy. Det er eit nasjonalt mål: 80% av barn og unge skal kunne gå eller sykle til skulen.

Mobil sykkelparkering - Bergen kommune kjøper inn hausten 2015 og skal drifte om lag 480 plassar. Gratis utlån til alle kommunar. 6 sykklar pr stativ, 350 plassar i ein kassabil, 1 person brukar 45 min på å montere 350 plassar.

Aktivitetsapparat knytt til dei merka løypene? Minner om at Gjensidigestiftelsen har søknadsfrist 15. september - [www.gjensidigestiftelsen.no](http://www.gjensidigestiftelsen.no)

Mykje bra skjer i Hordaland t.d. Ord i spreke spor i Sund, ungdommens hus i Austrheim, Villmarksleiren på Småbrekke i Vaksdal har 20 årsjubileum, AdO arena har opna i Bergen og har stor satsing på Swim Bergen, Hordaland idrettskrets har auka ressursar til idrett for mennesker ned nedsett funksjonsevne og ønskjer idrettens time i dei nye kommunestyra, bredt og godt friluftsarbeid i Fjell.





## Gry Brodshaug - Nytt frå Kulturdepartementet

Gjennomgang av nytt i føresegnene.

Innlevering av godkjent rekneskap i samband med søknad om momsrefusjon

Førehandsgodkjenning

Nærmiljøanlegg utan tak

Ønskje om at kommunar også kan søkje om tilskot til DNT

Desperat etter nytt sakshandssamarsystem

Rehabilitering – dato for tildeling eller for ferdigstilling



## Idrettens analyseinstitutt: «Idrætsfaciliteter for fremtiden»

På oppdrag frå kommunane i Danmark kartlegg instituttet kva anlegg som finst, korleis anlegga reelt vert brukt og ser dette i samanheng med anleggsutviklinga. Kven tilrettelegg det offentlege for? Korleis kan eksisterande anlegg nyttast på ein meir optimal måte? Kva er det reelle behovet for nye anlegg? Dei ser utviklinga over tid og det gir eit godt kunnskapsgrunnlag for politiske vedtak i kommunane. Undersøkingane som vert nytta er gode verkty som hadde vore nyttig med tilsvarende i Norge.

Barn og unge i organiserte aktivitetar er dei hyppigaste brukarane av anlegg – vaksne brukar meir naturen og utandørs trening. Idrettsanlegg og midlar til drift og vedlikehald går til idrettsorganisasjonane si verksemd. Lite fokus på dei som er utanfor idretten.

Idrettens analyseinstitutt lagar også mange andre typar rapportar som kan vere av nytta. Føl med på deira heimeside.

[www.idan.dk](http://www.idan.dk)

**IDRÆTTENS  
ANALYSEINSTITUT**



# Per Schulze, Realdania

## Skolen – et aktivt sted

Skole + er eit samarbeid mellom Realdania, Lokale og anlægsfonden og Kreftens bekæmpelse. Skolen skal vere ein aktiv stad. Ein skal ikkje gå stille i dørene. Dei fysiske rammene må ligge til grunn for ein aktiv skulekvardag. Målet er å få dei inaktive meir aktiv. Døme er Bellahøy skole der det er laga ei løpebane som inngangsparti. (Vi fekk dessverre ikkje besøkt denne skulen, sjølv om det stod i programmet. Vår kontaktperson vart sjuk, og skulen kunne såleis ikkje ta imot oss).

Prosjektet er å utvikle skulegardar. Skulen bør sjølv utfordrast til å kome med idear og medverke – det vil m.a. føre til eigarskap. God rådgjeving i planprosessane er avgjerande. Vala bør ikkje vere tilfeldige. Bruk gjerne kreative installasjonar som oppmodar barna til kreativ og fysisk aktivitet. 17 skular fekk tilskot til prosjektet til utvikling av anlegg både innandørs og utandørs. Det er viktig med medverknad frå dei som skal bruke anlegga. Kva ønskjer dei? Kvifor vert anlegga nytta? Tilrettelegginga dei ønskjer er ofte rimlegare enn ein skulle tru.

Tenk fleirbruk og aldersspenn – det må vere utfordringar for barn i alle aldre – slik at dei vil kome tilbake i mange år og alltid ha nye ting å prøve seg på. Arkitekturen kan nyttast til å engasjere og motivere til fysisk aktivitet. Både i skuletida og resten av døgnet. Det bør vere eit likeverdigg samarbeid mellom idrett og skule ved utvikling og utbygging.

Døme:

Skåde skole: frå grusbane til variert aktivitetsområde.

Barne- og kulturhus i Amager: Lage rom slik at dei stimulerar til leik, aktivitet og idrett



# Kulturel byudvikling, Mads Kamp Hansen, København kommune

København jobbar etter visjonen om at ein storbykultur skal vere spennande – ein by ein ønskjer å vere i, ein storby som er anleis og nyskapande og i endring. Idrett og kultur har ein eigenverdi gjennom aktivitet. I tillegg er det eit nyttig verktøy for m.a. integrasjon, ytringsfridom.

København er ein by i vekst, og kommunen har mange innsatsområder for å møte innbyggjarane sine ønskjer og behov. Det er gjerne kamp om plassen, så det er ønskjeleg å få på plass areal for kultur og idrett før bustadar vert bygd. Her er det rom for kreative løysingar – sambruk/fleirbruk – evt mellombelse løysingar.

Innsatsområder for å nå visjonen;

Redusere etterslep på vedlikehald av fasilitetar

Involvere dei frivillige organisasjonar

Gratis wi-fi til heile København

Styrke det historiske København som identitetsbygger

Mange internasjonale samarbeid


Fokus på heile barnelivet

Støtte opp om kulturelleinnovasjonsmiljø

Samarbeid på tvers

Kombinere bustad, næring og utdanning

Langsiktig planlegging med tanke på m.a. tomtekjøp



## Døme på kreative løysingar;

Legge til rette for bading i sentrum. København er med i «Green cities»

Forbrenningsanlegg kombinert med innandørs skianlegg

Bygge i høgda for å få plass til fleire funksjonar

Overdraging av driftsansvar til frivillige – må basere drift på anna enn offentlege tilskot

«Midlertidighet» for å prøve ut ulike aktivitetsmøteplassar






# Gyngemosehallen

Ola Mattson, Udviklingskonsulent Lokale og Anlæggfonden

Gyngemosehallen skulle egentleg bli ein «vanlig» handballhall. No er det eit eksempelbygg. Prinsippet er ein hall med eit «indre torg»/ ein. Det er seks hus rundt, med ulike aktivitetar - m.a. fitness, ungdomsklubb, yoga, aerobic, café, administrasjon, fysio, aktivitetssal.



Lokale og anlæggsfonden har vore med å støtte prosjektet. Arkitekturen er nyskapande og målgruppene er mange. Medverknad frå målgruppene har vore viktig i prosessen i alle fasar. Det er eit generelt ønskje om å få fleire i aktivitet – og sambruk med ungdomsklubb er t.d. svært gunstig. Det har også vore viktig at hallen skal vere lys og triveleg.

Dei sosiale romma er viktig for å få folk til å opphalde seg i hallen over tid. Medlemskap kostar kr 1400,- pr 6 mnd, medan ungdomsklubben er gratis. Hallen innbyr til aktivitet for store og små, og tilkomst med sykkel er enkel og god. Det er eit anlegg som mange kommunar gjerne skulle hatt – det inspirerar til kreativitet, koordinasjon, balanse m.v.



# Handicaporganisationernes Hus


Jesper Boesen, Byggherre for prosjektet «*Den overordnede vision var at skabe verdens mest tilgængelige hus, intet mindre.*»

Sidan opninga i 2012 har det vore 400 omvisningar på huset. Verdas mest tilgjengelege kontorhus.

340.000 medlemmer er tilslutta dette huset – som er ein paraply for alle underforbund (td blinde, døve osv).

Fokus på berekraft, gjenvinnande materiale, energisparing. Det er automatikk i alle dører, ledelinjer, nok handicap-parkering. Bruk av naturlege ledelinjer har vore prioritert. Ein har vore oppteken av å ha likeverd som viktig del av prosessen. Estetikk er også viktig og kostnaden vert ikkje nødvendigvis så mykje større.

Mange av funksjonane i huset er viktig på mange ulike nivå. Kontrastfargar er viktig for synshemma, men kan også vere hjelpemiddel for andre. Det gjer det t.d. enklare å navigere i huset for demente eller personar med hjerneskade. Det er *handicaporganisationernes* generelle overtyding og haldning at det er avhengig av omgjevningane – om ein person med nedsett funksjonsevne i ein gitt situasjon også er handikappa. Ein person er aldri meir handikappa enn dei avgrensingar som tilrettelegging av det fysiske miljø gjer ein. Nokr døme; heisen kan du styre med hjulet på rullestolen, støpsler er i kontrastfargar, helling i golv der det er praktisk, brannalarmen har også blinkande lys for dei som ikkje høyrer. Byggherren skryt på seg verdas beste evakueringsystem.





*”Da huset blev bygget blev der foretaget en udførlig dokumentation af udgifter, udfordringer og andre elementer i processen omkring udviklingen af tilgængeligheden i huset. Dette betød, at huset, da det stod færdig, blev en konkret manifestation af handicaporganisationernes politiske argumenter omkring tilgængelighed.*

*Huset beviser derfor, at grundlæggende og nødvendige tilgængelighedsforanstaltninger, hverken er udgiftsdrivende eller uæstetiske. Huset er en politisk dokumentation for, at god tilgængelighed generelt er positivt for byggeriet og vore fysiske omgivelser.”*

# Fredag 4. september

- Kl 0830 Avreise frå hotel
- Kl 0900 DGI-byen og Hanvebassenget
- Kl 1000 Handicaporganisationernes Hus – synfaring UU
- Kl 1130 Nørrebrohallen + Superkilen + lunsj
- Kl 1330 Blocs and Walls klatresenter
- Kl 1445 Frammøte Kastrup
- Kl 1615 Avgang frå København
- Kl 1740 Landar på Flesland



# DGI-byen

DGI (Danske Gymnastik- & Idrætsforeninger) representerer breidde/mosjonsidrett. Her er idrett og kultur i same hus. Handballhall, skytebane, gymnastikkhall, aerobic/dansesal, hotell, møterom, svømmehall med rundt basseng, treningssenter, kafe, klatreveggar – sosiale areal i midten. Etne kommune har brukt dette anlegget som direkte inspirasjon til utforming av Skakkesenteret.



# Hamnebassenget

Kommunen har jobba bevist for å kunne tilby innbyggjarane friluftsliv i byen. Reint badevatn og stupetårn er gjort tilgjengeleg via 5 ulike havnebasseng tilpassa ulike brukargrupper.

Islandsbrygge – gammalt arbeidarstrøk. Mange opne plassar for grilling og sosialt samvær kombinert med tilrettelegging for ulike typar aktivitetar t.d. basket og skating. I tillegg er det stupetårn, kajakkkrutsjebane, kajakkhotell og styrketreningsapparat. Alt ser veldig pent ut. Det er kvalitet i alle materialer; tre, stål, betong, grøntområder.

Fungerer som treningsområde for dei som jobbar i nærrområde. Mange brukar liknande utandørs områder til trening i arbeidstid.







tellet  
AK  
avn 5 - +45 3615 1610 - E-mail: info@kajakhotellet.dk

# Kajakhotellet.dk

- dit kajakcenter i Amager Strandpark  
og her på Kalvebod Bølge

For erfarne og begyndere,  
både med og uden egen  
kajak - vi gør det nemt  
at komme på vandet

- Stor butik, åben 7 dage om ugen
- Kajakkurser hele året
- Aften- og weekend-kurser
- Kajakklub uden venteliste
- Foredrag og træning
- Kajakpolo og polterabends
- Kano- og kajak-udlejning
- 15 min fra Nørreport
- 5 min fra Femøren metrostation
- Nye begynderkurser hver uge
- Kajakopbevaring ved vandet
- Fællesture og rejser
- Certificerede instruktører
- Lån udstyr og ro ølone
- Ugentlige "ro-mød" ture
- Klub fra kr. 245,- pr måned
- Gratis parkering (near Amager Strandpark)
- Familiedage med kajak
- Videregående kurser
- Instruktor-kurser

www.kajakhotellet.dk  
150,-  
ak?  
shors &  
alling heri  
step by for  
our website

Kajakhotellet



[Kajakhotellet.dk](http://Kajakhotellet.dk)

# Nørrebrohallen

Hall, park og basarområde. Anlegga ligg i ein bydel med mange ulike etnisitetar, og er ein belasta bydel. Dei fargerike elementa symboliserar alle kulturane og er ein måte å integrere dei ulike kulturane. Det har fungert godt for miljøet. Hallen er ein ombygd trikkehall, inneheld mange mindre hallar, store areal – klatrevegg og buldrevegg, bokserom, kafè, resepsjon.

# Superkilen



**Superkilen** er ein park på Nørrebro i København som strekker seg fra Nørrebrogade til Tagensvej.

Parken er utvikla i samarbeid mellom tegnestuen Bjarke Ingels Group, kunstnergruppen Superflex og landskapsarkitektene Topotek1 fra Berlin. Den består av segmentene *Den Røde Plads*, *Det Sorte Marked* og *Den Grønne Park* og har gjennomgåande gang- og sykkelstiar samt to plassar. Her finnast benkar, sykkelstativ, disser, bord for ulike spel som sjakk, boksering, skatebane, ballbane, kumlokk m.m. sponsa av forskjellige land og områder som Marokko, Armenia, USA, Zanzibar og Skandinavia m.fl. Enkelte av områda sine lokale innbyggjarar har reist saman med Superflex til land som har hatt ei særleg tyding for dei, for å finne effektar og inventar som kunne passe inn i parken.

Superkilen er anlagt på eit tidligare baneområde, og vart opna i 2012. Under navnet Superkilen har eit team med BIG i spidsen skapt eit trefarga multikulturelt rom, som skal gi endå betre moglegheiter for bylivet på Nørrebro. Om ein startar frå Nørrebrogade, kjem ein inn i eit raudt landskap. Deretter kjem ein inn i eit gressgrønt bakkelandskap og endar i den svarte basar. Dei tre fargane markerar romma sine ulike funksjonar - og målssettingar om å skape noko for ein kvar smak.



**Den Røde Plads** Den raude sona er dedikeret til fysisk aktivitet - i forlenging av Nørrebrohallen blir plassen tilrettelagt til lagsport og utandørs fitness.

**Den Grønne Park** Det grønne rom er tilrettelagt med bakkar, leikeplass og piknik-plassar til grupper og barnefamiljar.

**Det Sorte Marked** Kilen sluttar i det sorte rom, der sjakkbord og benkar inviterar til tankemessig avslapping. I helgene kan den svarte delen av kilen lagast om til basar for området sine kremmarar.

**Lokalt og globalt** Superkilen er ein del av områdefornyninga omkring Mimersgadekvarteret. Eit av måla med projektet har vore at lokale innbyggjarar skal medverke i fornyinga, og at deira ønskjer skulle kome med i planlegginga.

Superkilen har ein eigen app



# Blocks and walls

Ola Mattson, Udviklingskonsulent Lokale og Anlægsfonden

Nordens største klatresenter. Etablert på bakgrunn av at Dansk bjerg- og klatreklubb hadde kapasitetsproblem. Lokalitetene er eit gammalt skipsverft. Anlegget kosta kr 22 mill. Finansiering utanfrå 10 mill, eigendel 2 mill, lån på 7 mill frå eigeidomsselskap og resten i tilskot frå kommunen. Husleiga er på kr 300.000,- pr mnd. Det vart ein tøff økonomisk start, men no er overskotet på kr 750.000,-

I tillegg til klatreveggane rommar anlegget yogaområde, kontor og omkledding/garderobe. Det er 1100 faste medlemmar, 2000 faste brukarar – 1500 brukarar per mnd i tillegg til firma og idrettslag. Anlegget har kapasitet til 300 brukarar samstundes. Det er fire tilsett på fulltid i tillegg til 50-60 frivillige og laust tilknytte.

Rutene vert endra jamleg, og jobben gjerast på frivillig basis. Anlegget er ope 10-22 kvar dag og leigekontrakta er på 10 år. Lett tilgjengelig: Buss eller 10 min på sykkel frå rådhuset.

Det er ei utfordring med ventilasjon. Oppvarming skjer ved strålevarme – problemet er nedkjøling.

Der er seks aktivitetssoner og brukarane er frå tre år og oppover. Det sosiale område i hallen er viktig. Arkitekturen er laga slik at ein kan ha eit publikum når ein klatrar.

